



Sakspapir

Sakshandsamar:	<i>Bjørnar Fjellhaug</i>		
Arkivsaknr.:	23/1184	Klassering:	FA-G21

Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid - Nordhordland Legevakt

Vedlegg:

Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid - legevakt
Tilråding frå regionrådet legevakt
Alver kommune si sakshandsaming vertskommunesamarbeid
Administrativ og fagleg samarbeidsavtale

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret i Austrheim vedtek «Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid – Nordhordland legevakt» slik den ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt vart sagt opp i desember 2021 av Alver kommune, med mål om å inngå ny avtale i 2022. Kommunedirektør i Alver utarbeid framlegg til avtale. Kommunedirektøren har hatt ein prosess med kommunedirektørar/rådmenn i samarbeidskommunane for å kome fram til ei avtale som ein administrativt er samde om. Dette arbeide var slutført i eit felles møte mellom kommunedirektørar/rådmenn 18. november 2022.

Alver kommunestyre handsama saka i møte 23.02.2023 og gjorde i sak KO-023/23 følgjande vedtak:

KO- 023/23 Vedtak:

*Saka vert utsett og handsama i kommunestyret etter handsaming i regionrådet.
Kommunestyre vedtek at eksisterande avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt vert forlenga fram til og med månaden siste kommunestyre i samarbeidet gjer vedtak om ny avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt.*

Saka har drege ut og det har vore nokre rundar i etterkant av saka blei handsama i Alver kommunestyre.

Saka gjekk attende til kommunedirektørutvalet som gjennomgjekk saka og tilrådde i møte 5-2023, 29. september 2023 med følgjande vedtak:

Kommunedirektørutvalet gir framlegg om følgjande vedtak i Regionrådet: Regionrådet tilrår at x. kommune vedtar «Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid – Nordhordland legevakt» slik den ligg føre.

Saka blei handsama i regionrådet (4-2023), 3. november med følgjande innstilling:

Regionrådet tilrår at x. kommune vedtar «Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid – Nordhordland legevakt» slik den ligg føre.

I stor grad vert legevaktavtalen vidareført med nokre endringar.

I punkt 8 i avtalen står det om rapportering og informasjon. Det har i gjeldande avtale vore eit eige fagleg råd. Kommunedirektørane har ikkje vore tydeleg påkøbla, men ein legg no opp til at rapportering skal skje i linja til kommunedirektøren i vertskommunen. Det gjev ei sterkare forankring i høve endringar i legevakta som påverkar samarbeidskommunane. Det er også tydeleggjort kva rapporteringa har som eit minimum å rapportere.

Det vert lagt opp til at dagens administrative nemnd beståande av kommunalsjefar vert lagt ned. I staden vert Nordhordland legevakt tema på to fellesmøte i året mellom kommunalsjefar og kommuneoverlegar etter kap. 7 i avtala.

I punkt 9 er endringar knytta til kostnadsfordelinga. Det har i dag vore ein fast og ein variabel del. Den faste delen har lagt på 17 %, men er føreselege auka til 22 % for kommunane. Det vil vere ei gradvis auke til 22 % ved at det i 2024 vert 20 %, 2025 vert 21 % og i 2026 til 22 %. Den variable delen vert fordelt etter tal innbyggjarar i kommunen. Alver kommune fakturerer kvartalsvis a konto, med avrekning ved rekneskapsavslutning. Alver kommune skal også utarbeide framlegg i økonomiplanen for dei komande fire åra og skal sendast samarbeidskommunane når økonomiplanen vert sendt til politisk handsaming i vertskommunen.

Gjennom vertskommunesamarbeidet delegerer kommunedirektøren etter fullmakt frå kommunestyret, mynde til kommunedirektøren i Alver i samsvar med kommunelova §20-2.

Tidspunkt for legevaktordninga gjeld frå kl 1600-0800. Dette er ei endring frå gjeldande avtale då den trer i kraft kl 1530. I praksis har det vore praktisert kl 1600-0800.

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at ny avtale sikrar ei tettare rapportering og oppfølging av legevaktsamarbeidet. Kostnadsbilete vert noko auka, men det vil vere i tråd med beredskap og auka behov for legevakttenester.

Tilbodet frå Nordhordland legevakt til kommunane stettar det som til ein kvar tid er lovkrav og tilrådingar til tenesta. Den interne organiseringa er endra som følge av at ØHD-tilbodet på Helsehuset er flytta ut i kvar enkelt kommune. Bemanningsplanen føl sentrale tilrådingar til lege og sjukepleiarbemanning.

Kommunedirektøren vurderer at vi ikkje sjølv klarar å handtere legevaktordninga slik kravet er og vi er best tent med å vidareføre legevaktsamarbeidet med dei justeringar avtalen legg opp til.

Avtalen trer i kraft første heile månad etter at siste kommune har gjort vedtak i kommunestyret sitt. Avtalen vil tidlegast tre i kraft frå nyttår.

Konklusjon

Kommunedirektøren tilrår følgjande vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vedtek «Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid – Nordhordland legevakt» slik den ligg føre.

Sakspartar